



Bergen Rugby Klubb

Dato: 23.06.2014
Vår ref.: 2014/323-397
Saksbehandlar: dagherl
Dykkar ref.:

TILDELING AV TILSKOTT TIL FRIVILLIG (FLEIRKULTURELL) VERKSEMD I LOKALSAMFUNN - FLEIRKULTURELT SAMARBEIDSPROSJEKT

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til støtte til fleirkulturelle aktivitetar frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) si ordning for dette, *Frivillig verksemd i lokalsamfunn som bidreg til deltaking, dialog og samhandling - Del 2*, forvalta av fylkeskommunane.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har på møte den 13.mai i år vedteke å tildele kr.30.000 i tilskot for 2014.

Tilskotet vert som hovudregel utbetalt når arrangementet er gjennomført og rapport og rekneskap er godkjend. I spesielle tilfelle kan pengane betalast ut på førehand etter avtale med fylkeskommunen. Midlane må betalast ut i 2014. Om det ikkje føreligg rapport og rekneskap for gjennomført tiltak innan 15. november 2014, ber vi om at det vert tatt kontakt med sakshandsamar i fylkeskommunen.

Organisasjonen har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Vi har fått opplyst dykkar konto nr. 9521.16.84284.

Grunngjeving

For 2014 kom det inn tiltaks-/prosjektsøknader frå 51 søkjarar, og 852 000 kroner vart fordelt på ulike prosjekt .

IMDI har vedteke retningslinene for ordninga, og dykkar søknad er vurdert opp mot desse. Kultur- og ressursutvalet fann at søknaden oppfylte vilkåra, og fann etter ei skjønsmessig vurdering grunnlag for å tildele støtte til dykkar tiltak.

Nærare informasjon og grunngjeving går fram av saksframlegg
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/1531>

[vedlegg](#)

Føresetnader

Tilsegnet er gitt i medhald av retningsliner frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet under del 2 - Frivillig verksemd i lokalsamfunn som bidreg til deltaking, dialog og samhandling – aktivitets-/prosjektstøtte. Det er ein føresetnad for tildelinga at:

- Dei opplysningane som er gitt i søknaden er korrekte og gir eit rett bilete av tiltaket
- At tiltaket er gjennomført i tråd med søknaden
- Rapport med rekneskap vert sendt
- At organisasjonen medverkar ved eventuell kontroll

Rapportering og kontroll

Fylkeskommunen skal varslast om eventuelle vesentlege endringar i prosjektet/tiltaket.

Rapport med rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga. Vi tilrår bruk av følgjande skjema:

<http://www.hordaland.no/upload/Kultur/Dokumenter/utbetalingsrapport.pdf>

med evt, vedlegg. Det kan også rapporterast på eige dokument. Føresetnaden er då at same opplysningar vert gitt. Vi krev eit enkelt rekneskap utan bilag (kvitteringar ol) sendt til oss.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane/dokument dei finn påkravd for sin kontroll.

At rapportering er gjennomført vil mellom annan vera eit vesentleg omsyn ved vurderinga av eventuelle seinare søknader.

Brot på vilkåra

Dersom det er gitt uriktige opplysningar, at det ligg føre brot på retningslinjer og/eller føresetnader for tildelinga i søknad eller rapport, kan vedtaket om tilsegn verte gjort om heilt eller delvis. Pengane kan i så tilfelle krevjast tilbake heilt eller delvis.

Klage

Vedtaket kan klagast på innan ein frist på 3 veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Om de i tillegg har søkt midlar til organisasjonsdrift gjennom del 1 av denne IMDI-ordninga, vil de få eit eige brev/e-post med svar på denne søknaden.

Med vennleg helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør for kultur og idrett

Ronny B. Skaar
Seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland/Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.